

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 21.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
011/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

## Prosjekttilskot - idrettsprosjekt vår 2022

### Rådmannens framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000,- slik det kjem fram av saka.

### Handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

### Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett. Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogleg blitt skjerma. Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga idrettsprosjekt. Ordninga hadde søknadsfrist 15.11.2021. I retningslina heiter det at ordninga skal støtte prosjekt innan idrettsfeltet, opne arrangement, og innkjøp av utstyr. Tilskotet er behovsprøvd og kan gjevast som tilskot eller underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant. Einskildutøvarar er ikkje omfatta av ordninga. Det er sett av kr. 30 000 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt totalt kr. 171 000 gjennom denne ordninga. 111 000,- vart tildelt i juni og 60 000,- i oktober. Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

### Saksopplysingar

#### Uttale Alver idrettsråd:

Alver idrettsråd rår til tildeling av midlar i samsvar med framlegget frå kommunen.

#### Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedteke retningslinjer for denne tilskotsordninga.

#### Innstilling

Søkjjar	Totalkost.	Søknadssum	Innstilling	Merknad
FIL AKS-77	50 000,-	20 000,-	0,-	Manglar vedlegg + sluttrapport etter tildelte prosjektmidlar 2020.
Knarvik IL	75 000,-	50 000,-	10 000,-	Oppdatering orienteringskart i Knarvik.
Knarvik Shorin-Ryu karate	11 000,-	6 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Manger IL	70 000,-	70 000,-	10 000,-	Oppdatering orienteringskart

				over Manger og Skageneset.
Meland motorsportklubb	300 000,-	150 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Nordhordland BK	200 000,-	50 000,-	10 000,-	Innkjøp 3 v. 3-baner.
Nordhordland hestesportklubb	17 000,-	5 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
Nordhordland karateklubb	31 800,-	31 800,-	0,-	Manglar vedlegg.
Radøy KFUM-KFUM-speidarar	29 000,-	15 000,-	0,-	Manglar vedlegg.
<b>Totalt</b>	<b>783 800,-</b>	<b>397 800,-</b>	<b>30 000,-</b>	

**Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:**

**Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**OKK- 011/22 Vedtak:**

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på 30 000,- slik det kjem fram av saka.